



Olje- Og Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

23/8530 - 2

Dato

03.11.2023

## Innspel til stortingsmelding om flaum og skred frå Voss herad

Voss herad er ved fleire høve råka av skadeflaum der dei 2 største flaumane begge førte til skadar for fleire hundre millionar kroner lokalt (2014 og 2022). Potensialet i nye flaumar og skred er aukande på grunn av klimaendringane og kan gå utover liv og helse. Me vil i dette notatet peika på nokre viktige moment som ei stortingsmelding om skred og flaum bør adressere:

- Enklare prosessar og raskare sakshandsaming for å få gjennomført mindre lokale tiltak.
- Unngå at store prosjektet står i vegen for mindre tiltak. Store prosjekt er svært tid og ressurskrevjande å få lande. Det må vera rom for å realisera mindre lokale tiltak medan ein ventar på «endelege løysingar».
- Korleis vert ulike flaumområde prioritert og bør det endra seg når ver og klima endrar seg?
- Kva rolle skal NVE ha og kva er forventa av kommunane? Er dette klart og bør det endrast? Har kommunar urealistiske forventingar til kva ein kan få hjelp til?

### Betra stønadsordningar til flaum og skredsikring.

- Betra stønadsordningar for klimatilpassing og førebyggjande tiltak som gjer kommunar og private meir robuste i møte med framtidige flaum- og skredutfordringar.
- Gje støtte utover bustadområde då svært mange attraktive nærområde ligg i flaumutsette område.
- Etablera eit klima- og klimatilpassingsfond som kan bidra til å finansiera større skred og flaumtiltak.
- Betre samordning av sikringsmidlar mellom ulike etatar (sikring av veg, bane, busetnad og landbruksareal kan i mange høve sjåast i samanheng).
- Drift og vedlikehald av store flaumsikringsanlegg som flaumtunnellar, pumpestasjonar, flaumverk. I utgangspunktet er det kommunen som overtar ansvar etter anlegga er bygd og overleverert. Er kommunar rigga for dette? Har dei tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse for oppgåva?

### Varsling og beredskap

- god og presis varsling er naudsynt for å sikra god lokal beredskap.
- Samordning av etatar (brann, sivilforsvar, statsforvaltar, NVE, kommunar, regulantar, veg og bane) under større hendingar.
- Forenkling av regelverk når det gjeld midlertidige løysingar som til dømes beredskapsveg.

### Arealplanlegging i skred og flaumutsett terrengr er krevjande

- Korleis balansera sikring og risiko opp mot gjennomføring av nye tiltak slik at ein ikkje stoppar all utvikling?
- Vurdera organisatoriske tiltak som sikring som erstatning for fysisk vern både i høve sikring av eksisterande busetnad, men og i høve nybygg og næring der dette er mogleg.
- Korleis skal interessekonflikta vektast (liv og helse, ny utvikling, naturmangfold, jordvern, kulturminnevern, vassdragsvern osb)?

**Auka kompetanse**

- Burde det vore utarbeida ein mal eller rettleiar til støtte og hjelp for kommunar som seier noko om korleis dei kan gripa an store flaumutfordringar og tilpassa seg eit nytt klima?
- Auka kompetanse (og samhandling) både lokalt i kommunar og mot sentrale fagetatar og styresmakter.
- Auka kunnskap, ressursar og regelverk knytt mot skog som vern mot skred og flaum til dømes i bratt terren.

**Berekraftige tiltak som sikring mot skader grunna flaum og skred**

- Kor sannsynleg er tiltak i milliardklassen?
- Står varig vern av vassdrag i vegen for realisering av flaumtunellar?

Med venleg helsing

Tonje Såkvitne  
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur